



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømmeråd

Det kongelige justis- og politidepartement
PB 8005 Dep
0030 OSLO

Dato: 28.03.2008

Vår ref: 08/59-2 KRI.

Dykkar ref:

Høyrings svar - politiattest for personar som skal ha oppgåver knytt til mindreårige

Bjørgvin bispedømmeråd vil gjerne få kome med ein kommentar til høyringa vedrørende politiattest for personar som skal ha oppgåver knytt til mindreårige. Bispedømmerådet stiller seg undrande til at Den norske kyrkja ikkje er ein av høyringsinstansane i denne viktige saka. Kyrkja driv eit omfattande barne- og ungdomsarbeid og er opptatt av at alle tiltak i kyrkja sin regi skal ha trygge rammer for born og unge.

Bjørgvin bispedømmeråd ser positivt på at krava til personar som skal utføre oppgåver knytt til born og unge no blir sett i samanheng og vurdert samla. Krav om politiattest for personar som t. d. er engasjert i barne- og ungdomsarbeid i frivillig sektor bør vere likelydande enten det dreiar seg om aktivitetar innan kultur, idrett eller kyrkje.

Bispedømmerådet rår til at alle tilsette i kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid må levere politiattest, og at det kan krevjast politiattest for uløna medarbeidarar som utfører særskilte ansvarsfulle oppgåver som t.d. inneber overnatting e.l. Vern om born og unge og omsynet til tillit må alltid tilleggast størst vekt. Kva som er i born og unge si interesse, må prioriterast framfor omsynet til personvern og resosialisering for den aktuelle medarbeidar. Personar med merknader på politiattesten står fritt til å avstå frå å søke på stillingar/oppgåver eller trekke seg når krav om politiattest blir fremja. Når det gjeld resosialiseringsbehovet finnes det mange oppgåver i samfunnet der ein ikkje er i direkte kontakt med born og unge. Resosialiseringsomsynet legitimerer ikkje ei ofring av trygge oppvekstvilkår for borna våre.

Bjørgvin bispedømmeråd rår til at ein brukar avgrensande politiattest i friviljug sektor. Det er då viktig at alle seksuelle overgrep blir omtala i attesten, også overgrep mot vaksne, i tillegg til grove makt- og/eller voldsepisodar og narkotikaforbrytingar. Det handlar om at foreldre og samfunn kan ha tillit til dei personane vi overlet borna våre til. Ein bør også ta omsyn til at personar som arbeider blant born og unge har ein viktig funksjon som føredøme.


Utviding av kravet om politiattestar på fleire områder vil måtte føre til auka ressursbruk for staten. Ressursbruken vil kunne forsvarast så lenge eitt barn mindre blir utsett for overgrep. Bjørgvin bispedømmeråd rår til at ordninga om politiattest for personar som skal ha oppgåver knytt til mindreårige blir utvida til alle områder der barn og unge er involvert, også i kyrkjeleg arbeid.

Bjergvin bispedømeråd er opptekne av å ta i vare situasjonen for dei utviklingshemma. Dette er ikkje særleg omtala i høyringa. Vi gjer rekning med at utviklingshemma har same vern som born og unge i form av at det blir kravd politiattest for personar som skal arbeide blant desse. Dersom lovverket elles (viser til Ot.prp.86/2007) ikkje gjev utviklingshemma slikt vern, vil vi be om at dette blir teke omsyn til i det vidare arbeidet med saka.

Med helsing



Helge Taranrød
stiftsdirektør



Kristin Lødøen Hope
undervisningsrådgevar
Direkte innval: 55 30 64 79